

— Lagsblad —

Nr. 11.

Oktober 1918.

1. aaret.

IVAR AASEN.

II.

Ivar Aasen var ikkje berre den store maalgranskaren, han var og den store meisteren til aa bruka maalet sitt. Alt daa han var heime paa Sunnmøre dreiv han med aa gjera visor som var vel umtykte millom folk. Og no tek han seg stunder av og til millom alt det tunge tankearbeidet til aa la'ta kjenslone tala i song og dikt. „Ervingen“ — kva for ein norsk ungdom kjenner vel ikkje denne vesle boki? kjem i 1855 fyrste gongen, „Symra“ i 1863. I desse bøkene og i anna som han hev skrive lærer me *mannen* Ivar Aasen aa kjenna, kva han tenkte og gleddest ved og harmast paa. Hugan hans er roleg og klar som ein septemberdag. Han styggjest ved den stendige uroi millom folk og søker det heimlege og rolege og faste.

Dei træla, dei træla
fraa morgon til kveld, ja dei træla.
Dei stræva dei stræva,
det varer um alder og æra.
Dei freista alt som dei kann finna
dei sankar alt som dei kann vinna
Ja dei leita ja dei leita
etter alt det som vinningar kan heita.

Soleis ser han paa menneskjens stræv,
av og til med ein smil naar han finn
dei dumme og narrevorne. Men med
det han smiler er det ikkje so lite av

saart og tunglyndt i dikti hans. Han var einsam og leid vondt av det, og kjende seg framand i den store byen. Ofta minntest han daa si gamle grend, der var det godt aa vera. No stend han framand i verdi.

Heimlaus, frendelaus og lite kjend
og likar paa leiken illa.

Ddn kvinna som skulde gjenge ved
sida hans og gjera livet „som til gjestebod og gilde“ aat han, henne fann han ikkje og ymis motgang hadde han. Men midt i alt dette so trur han paa framgong i livet, for han trur paa Gud. So gjeld det aa halda ut ut med tolegt mod.

Retten vinner
naar han rette tidi finner;
men han trænger verja god
og det verder langt aa beda
mang ein harm du fyrst maa lida.
Berre hav eit tolegt mod.

Trui til livet finn han ovfagre
ord for:

Heimen er baade vond og god,
det skifter med sut og gaman.
Hev er den som med same mod
kann taka mot alt tilsaman.

Lauvet fell um hausten av
um vaaren atter det spretter.
Dauden herjar um land og hav
men livet kjem alltid etter.

Stormen sopar i skogom hardt
so tre og kvistar brotna;
men grøne kvistar vil renna snart
av rotom til dei som rotna.

Kjært er livet med all sin harm
det klaarnar alt som det gjenger
men endaa treng eg ei von i barm
um eit som varer lenger.

Men dei største diktverki hans, „Ervingen“ og „Gunnbjørg paa Haugen“ og mange dikt er gjengne fram av Ivar Aasen sin djupe sterke kjærleik til fed-

rajord og fedraheim. Som Aamund i „Ervingen“ hev vore ute i det framande og kjem heim att og tek fedrajordi att, soleis skal det norske folket flytja heim att — det var Ivar Aasen sin tanke.

For denne tanken „møtte han med merket i mødesame strider“, ofra han sitt livs arbeid og ein stor lut av sitt livs lukka. Difor skal Norigs ungdom halda hans minne i æra. — Han døydde i 1896. Paa Vor Frelsars kyrkjegard i Oslo vart han gravlagd, og norsklynde folk hev reist stytta hans der.

No hev eg den trui at mange av dei som les dette vil sjaa faa fatt i Ivar Aasens „Skrifter i samling“. Ein fær dei i bokbudene. Um Ivar Aasen hev Vetle Vislie skrive til innleiing.

Svein Boge.

Norsk marknad.

Som alle lagslemer kjenner til skal det vera marknadsvika fraa 24 til 31 oktober. Den nemndi som er sett til aa skipa med tilstellingi hev arbeidt heile hausten frametter, og ho arbeider framleis. Men skal det til fullnads verta gagn av tiltaket, lyt lagslemene stydja trufast oppunder. Me oppmodar difor alle til aa vera med aa hjelpa oss. Det kann gjerast paa mange maatar. Beinvegjes kann det gjerast ved aa senda inn gaavor til nemndi, ved aa vera rauste i pengevegen t. d. med lutkjøping og ved aa møta jamt og trottugt fram um kvejdane. Umvegjes kann det òg gjerast eit vigttugt arbeid. Eiu kann agitera for marknaden og soleis freista aa vekkja interessa hjaa vener og kjenningar, og um det er raadleg faa deim til stydja oss paa ei eller onnor vis. Legg berre lagsfolket godviljen til her, og gjer litevetta — alle som ein — so kann me vera visse um at baade den økonomiske vinsten for laget og gleda for oss sjølve vil verta deretter.

Etter det me no veit vil me faa eit gildt og skifteri at program for vika. Nemndi fastsette i møtet den 24. programmet soleis.

Torsdag $24/10$: *Opningstale, prolog, musikk, leikeringen og spelst. „Brennefolket“.*

Fredag $25/10$: *Musikk, solosong, opplesing, skrønor.*

Laurdag $26/10$: *Musikk, leikeringen, spelstykket „Ervingen“, skrønor.*

Sundag $27/10$: *Musikk, felespel, spelstykket „Brennefolket“.*

Maandag $28/10$: *Musikk, skrønor, felespel, songarlaget.*

Tysdag $29/10$: *Musikk, leikeringen, felespel, skrønor, spelstykket „Brennefolket“.*

Onsdag $30/10$: *Musikk, felespel, spelstykket „Ervingen“.*

Torsdag $31/10$: *Gutemusikk-korps, felespel, songarlaget, utluting.*

Til aa spela vonar me paa Bjørndal, og til aa fortelja skrønor hev me fenge lovnad um Seland og Litleskardet. Daa det endaa er ein heil maanad til me byrjar, er det sjølvsagt at me lyt rekna med smaa brigde i programmet, men i det store og heile vil me vona at det skal verta slik som no fastsett.

T. H.

Hugs boksamlingi til laget. Fyrebils vil ein som fyrr kunna byta bøker kvar laudagskveld fraa kl. 8—9. So mange gode og gilde bøker som me no eig. burde boksamlingi nyttast mannjamt. Men hald ikkje lenger enn turvande paa bøkerne; den bok du hev, ynskjer ogso andre aa lesa.

Skriv i lagsbladet. Det er ikkje svært mange innlegg me faar fraa lagsfolket. Millom eit so stort lag burde

mange ha høve til aa skriva tvo-tri ord. Hev du noko paa hjarta, so skriv; bladet vert daa meir allsidigt, og vil kanske gjeva støyten til, at ein lyt utvida, gjera det større. Det vilde vore gildt.

„Hans Steinrøys“ av Severin Vik. Dette er andre boki av denne unge forfattaren. Ho inneheld seks sogor og skildringar, greit og einfelt fortalde og paa norsk maal. Eg hev lese boki med hugnad og vil raada andre til aa kjøpa ho.

|||||

A. J. Sømme

— SKRÆDDER —

Nedre Strandgt. 8 II

Telefon nr. 2264.

|||||

Severin Vik:

„DET NYE EUROPA“

med fyreord av cand. real.
Albert Joleik, bladstyrar,
Bergen, eit nasjonalt bok-
hefte um fleire land. —

Hjaa alle bokhandlarar i Norig.

Alle landsmaalsbøker

John Larssen

Bokhandel
Kirkegaten 11

Jakobsens Magasin

- Nygaten 5 -

Byens største
utvalg i :: ::

Galanteri- & korteverer.

Sort hyldebærsaft

utmerket middel
- mot gift -

faaes hos

BERNT PEDERSEN & Co.

Nygaten 16 :: Stavanger

**NORSK ELEKTRISK
& BROWN BOVERI**

KIRKEGATEN 39
STAVANGER

**ELEKTRISK MATERIEL
ELEKTRISK UTSTYR**


*Ingen presenter
pryder og pynter
som blomster fra
Blomsterhallen*

Alf Solheim

Østervaag 24

PAPIRFORRETNING
RAMMEVERKSTED

**Kjøp
norske**



NIDAROS MOTOR PAA SLEDE

landbruksmaskinar og motorar

CORNELIUSSEN & LANGLEIE
BREIDGATA 21 STAVANGER

R. G. Klovning

Breidgata 20 ∴ ∴ ∴ ∴

KOLONIAL

Hampegarn - Bomullsgarn
SNØROR - TOGVERK
OLJEKLÆR.

BRØDRENE MÅG

Nygaten 48 ∴ ∴ ∴ ∴ Telefon 937

**Malervare- og
Jernvareforretning**

Telefon 102

A. IDSØE

**KJØD- OG PØLSE-
FORRETNING ∴ ∴**

GODE OG BILLIGE VARER!

NIC. B. ASKVIK

Telefoner:

1979 }
2406 } Mæglerne
2353 }
2406 a Kassa & Exp.

STAVANGER

Telegramadresse:

KVIK, Stavanger

OMSÆTTER:

BANK-, INDUSTRI- & SKIBSAKTIER

HAUST.



*Og alle mine draumar dei for so langt
som fuglar i vaarklaa dag,
so langt yver fjell, yver skyer graa
med sol under vengjer mot havet det blaa
i sigrande voner i gledfullt jag.*

*Og alle mine draumar so vida for
som fuglen i flokkar dreg,
og dagen var høg og soli klaa
det grønka i lider paa jordi var vaar
det skein yver livsens lange veg.*

*Og alle mine draumar som vida for
dei stengdest og bleikna av
og myrket seig tungt yver fjell og skog
med hausten sterk yver heimen drog
og sumaren døydde og sokk i grav*

*Og alle mine draumar som vida for
dei græt no so mangei stund,
og lengsla slær ut med sin brotne veng
med haustvinn tungt gjennom dagen gjeng
og susar sin døyvde, sorgsame lund.*

P. M.

September maanad.

Sumarskvildi til Bondeungdomslaget er lang, so ein kunde tru det vilde skipla arbeidet og interessorne og gjera det tyngre og taka til naar hausten kom. Det er ikkje so, tvertum. Det hev synt seg fyrr og gjorde det ikkje mindre iaar, at sumarskvildi hev gjort godt; lagsfolket møter mannjamt upp, og hev gjenge til arbeid med ein ihug, som syner vilje til aa faa noko gjort.

Dei ymse serlag hev teke hart i, soleis *spellaget* som dreiv øvingar seint og tidleg paa spelstykki som skal fram-synast under marknaden. *Saumarlaget* arbeidar kvar tysdagskveld og skal nok ha mykje fine sysaker for seg. *Songarlaget* øver seg kvar mandagskveld, og *leikeringen* driv paa alt dei vinn. Det er soleis mange jam i elden og ein gledeleg arbeidslyst.

Leikeskeidet tok til onsdag 17 septbr. og vara til den 17. 100 lagsfolk var

med, umlag like mange gjentor og og gutar. Idet heile var skeidet vel-lukka, og mange nye songleikar vart lærde og dei ein hadde lært fyrr vart oppfriska. Siste kvelden hadde leiker-ingen skipa til ei festleg samkoma for leidaren av skeidet, frk. *Fedje*. Som takk for velgjort hadde leiker-ingen skote sa-man til ei væn gaava, som samstundes vart gjeve henne.

Aarsfesten 21 septbr. var sers gild. Festtalen vart halden av stortingsmann *Braut*. Ved bordet tala desutan skulestyrar *Tveteraas* og *H. V. Aurdal*. Sei-nare var det gaman av ymse slag: upp-lesing, musik, leik og anna til frampaa morgonparten. Det var raust i matstel-

let og festleg i alle maatar. Men dyrt var det au.

Dei vanlege møte tok til torsdag den 26de med *ordskifte*. Formannen, *Aur-dal*, fyreorda um: Styret vil finna ei praktisk form til aa faa lagsfolket med i arbeidet. Innleidaren gav eit yversyn yver fyremaal og arbeidsmaatar i laget og peika paa ymse nytt arbeid. Det vart eit livlegt ordskifte etterpaa og mange fleire vilde kome med um ikkje tidi hadde vorte so stutt. Vonleg vil denne ordskiftekvelden setja merkje etter seg med umsyn til nye tiltak og gjera sitt til, at den einskilde lagsmann fylgjer betre med i arbeidet og kjem med nye impulser til lagetts beste.

Nasjonalbunader.

Paa fyrr møtet i Bondeungdomslaget kom det uttalelser um mannsbunaderne vaare, som kunde tydst slik, at det var narreskap aa bruka slike klædesplagg. Ja, synet og smaks-sansen er so ymse hjaa folk og um smak og behag nytter det ikke at diskutere; men eg hev like-vel i ug aa segja mi meining um spurs-maalet.

„Ei fin gjenta treng ikkje um stas“, segjer eit gamalt ordtøke; men jamen hev klædnaden mykje aa segja likevel. Ein uhøveleg klædnad kann jamvel um-skapa den finaste gjenta til ei jaalette heks. Men noko maa me ha paa krop-pen, og difor hev og klædespursmaalet alltid vore aktuelt, heilt sidan parfolket udi Paradis tok til aa klæ seg med figenblad. Motarne hev ymsa svært mykje ned gjennom tidi, og det hev kome fram mange slags framtoningar av klædesplagg.

Desse nasjonalbunaderne vaare, som hev gamall tradisjon her i landet, er etter mit skyn daa, vakre og klædelege, og høver for mest alle med nokorlunde normal skapnad. Dei er attaat billegare, og eg torer segja likso praktiske som mange av dei europæiske klædesplaggi; men høver sjølvsagt ikkje til kverdags-bruk, korkje i fjosen eller sæteskuten. Som festplagg er dei sers høvande, og

eg kann vera samd med han Sømme, at me burde bruka desse bunader i alle laget sine samkomer. Det er korkje skam eller narreskap. Eg ser aldri noko vakrere syn enn ein festlyd med nasjo-nalklædde gjentor og gutar. Det er liksom ein heimsleg gild daam yver det heile og det skaper alltid god feststemning. Eg vil difor raada til, at lagsfolket kostar seg bunader, og brukar dei paa jamnan i Bondeungdomslaget sine samkomor.

A.

Nye lagsfolk.

Aarrestav, Alvhild	Hinna
Ferkingstad, Jøren	Skutenæs
Geertsen, Enny	Stavanger
Haakonsen, Amalie	Haugesund
Knutsen, Thonny	Stavanger
Løvvik, Jenny	Høle
Næss, Sigurd	Sand
Punternvold, Reinert	Eigersund
Revheim, Anna	Madla
Stavnem, Maria	Stavanger
Sæl, Karlein	Rennesøy
Sæl, Mette	—
Øverland, Hans	Nedstrand.

Norigs ungdomslag og Norigs maallag

tenkjer paa aa kjøpa hus i Oslo. Dei hev vendt seg til ungdomslag med lags-bruk nu aa garantera for laanesumen.

Møtelista for oktober.

Torsdag 3 oktbr.	Foredrag.
— 10 „	Foredrag av dr. Marta Persen.
— 17 „	Leikemøte.
24—31 „	Norsk marknad.

Blixsalmorne er nyleg innførde til kyrkjebruk i Vats, Ryfylke.

»Norsk ungdom« skal verta vikeblad fraa nyaar.

Til formann for Norigs ungdomslag vart paa siste aarsmøte attvald *Sven Moren*.

Norske ordtøke.

(Etter Ivar Aasen).

Det er betre aa vera einsleg enn i vondt fylgje.

Engi er mor til aakren.

Væne eple kan og vera sure.

Etterpaa veit alle mann raad.

H. V. AURDAL

EKSPORT :: IMPORT - - - - en gros
AGENTUR :: EIENDOMSFORRETNING

Telefon 557.

Telegramadr.: „LAGER“.

Bedst!**Billigst!**

Singer Co. Symaskin A/s
Kirkegaden 20 :: Stavanger

Lagsfolk! husk

af **musikinstrumenter**
strenger, noter og filbehør
kjøper De i

Erling Næss Musikhandel
Hjørnet Nygaten-Østervaag
Myhres murhus :: :: ::

Telegramadr.: Bjørgo. Telefon 1093

J. BJØRGO

— KIRKEGATEN 2 —

**FRUGT-, CIGAR- &
TOBAKSFORRETN.**

EN GROS — EN DETAIL

Gjev gaum!

Største og finaste utval i
**raamelistur, ovale
gullspeglar og raamur**
Innraaming av bilæte

M. Andreassens

raameverkstad : Ø. Holmegt. 25
Telefon 1469

PETROLEUMSLAMPER
STENTØI & GLAS

I STORT UDVALG

HANDLENDE HØI RABAT.

S. GITLESEN

:: :: ØSTERVAAG 41 :: :: ::

G. Hellstrøm & Co.

Guldsmedforretning

Stavanger

Hjørnet av Kirkegaten og Øvre Holmegate
(ret overfor Matstova)

Telefon 186

LAGSFOLK!

Skal De hava vertskap, brudlaup, barsøl eller liknande,
so hugs, at De kan faa drikkevaror hjaa meg :: ::

Telefon
727 k

GUNNAR LØVIK

KONGSGATA 36

Telefon
727 k

MURMESTER

AKSEL NJAA

Bygningsartikel-
forretning

STAVANGER

Telefon 885 - 2485

Kjøp og bruk altid

Johs. Mælands
hermetik & ansjos

som nu har vundet

:: indpas overalt ::

Skal De hava Dykk kaffi og mat

so gaa innum paa

Matstova eller **Kaffistova**

Øvre Holmegata

Østervaag 25

Skrivesaker ▷◁ Avisor ▷◁ Telefon